

<http://vestlandet.lfr.no/Default.asp?WCI=ViewNews&WCE=3953&DGI=1401&frame=doc>

9.2.7.1. Bringebærringfleckvirus (BRFV) -nematodeoverført virus

Går på fleire kulturar, m.a. bringebær, jordbær og solbær. Enkelte bringebærsortar får ikkje synlege symptom ved angrep, mens Veten reagerar med sterk bladkrølling. Blada får og nedbretta og innoverbøygde bladrand og bladspiss. Ofte er bladkrøllinga kombinert med lyse flekkar på blada. Skotveksten blir noko redusert. Bladsymtoma er ofte sterkast vår og haust, mens ein om sommaren ser lite til dei pga. høg temperatur.

Spreiing av BRFV-viruset kan skje ved hjelp av

- jordbuande nematodar
- frøsmitte
- ved formeiring av smitta plantemateriale

Her skal ein spesielt vere merksam på den jordbuande nematoden *Longidorus* som kan spreie virus frå plante til plante når den syg på planterøtene. Slik spreiiing skjer berre over korte avstandar i felta og ein finn ofte angrep i små parti fleire stader i felta.